



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for helse og omsorg
Stad:	Herøy helsesenter, Møterom adm. helse og omsorg
Dato:	16.02.2017
Tid:	14:00 – 18:30

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Knut Tandberg	Medlem	H
Linn-Therese Hansen Sævik	Nestleder	KRF
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP

Forfall:

Kaja Runde	MEDL	FOLK
------------	------	------

Varamedlemer som møtte:

Torill H. Remøy	Kaja Runde	FOLK
-----------------	------------	------

Andre: Leiar barn-, familie og helseavdlinga Inger Marie Tofthagen

Leiande helsesøster Elisabeth S. Slettestøl

Seksjonsleiar Roger Kvalsvik

Torill H. Remøy fekk permisjon kl. 17:00

Linn-Therese Hansen Sævik fekk permisjon kl. 17:30.

Møtet starta med synfaring og informasjon om helsestasjon i Herøy kommune.

KHO-sak 11/17 vart lagt fram i møte

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Gerd Kopperstad og Knut Tamdberg.

Skriv delt ut i møte:

Folkehelseprofil 2017 Herøy kommune.

Drøftingar:

Orienteringar:

Seksjonsleiar Roger Kvalsvik orienterte om tilbod og ventelister for fysioterapi i kommunen.

underskrifter

Gerd Kopperstad

Bjørn Otterlei

Knut Tandberg

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 5/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/17	Protokoll frå førre møte
PS 7/17	Tertialrapportering per 31.12. 2016
PS 8/17	Bustetjing av flyktningar i 2017
PS 9/17	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna bustadar
PS 10/17	Familievikar - ivaretaking av familiar og særskilt barn i ein vanskeleg og traumatisk livssituasjon
PS 11/17	Situasjonen for fysioterapi i kommunen Referatsaker
RS 6/17	Seksjonsleiar Roger Kvalsvik orienterar om tilbod og ventelister fysioterapitenesta

PS 5/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 6/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 7/17 TERTIALRAPPORTERING PER 31.12. 2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Saka vert tatt til vitande.

PS 8/17 BUSTETJING AV FLYKTNINGAR I 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Herøy kommunestyre vil ta i mot og busette inntil 23 flyktingar i 2017.

PS 9/17 SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA BUSTADAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Pris for fullkostpakke til bebuarar i heildøgnsbustadar, som treng slik hjelp, vert satt til kroner 3600,- per mnd. I tillegg kjem eigenandel for praktisk bistand, utrekna etter inntekt.

PS 10/17 FAMILIEVIKAR - IVARETAKING AV FAMILIAR OG SÆRSKILT BARN I EIN VANSKELEG OG TRAUMATISK LIVSSITUASJON

Møtebehandling:

Saka vart breitt drøfta. Den vert teken oppatt på neste møte med eit konkret forslag til tilbod. Tilbodet vert i første omgang for ei periode på 2 år med ei sluttevaluering og eventuelt vidare drift.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Komite for helse og omsorg ynskjer at Herøy kommune opprettar eit tilbod om hjelp i heimen ved spesielle, akutte forhold. Administrasjonen legg fram eit konkret framlegg til tilbod med mellom anna kva som kan utløyse tilbodet for den einskilde familie.

PS 11/17 SITUASJONEN FOR FYSIOTERAPI I KOMMUNEN

Møtebehandling:

Seksjonsleiar Roger Kvalsvik orienterte om situasjonen innan fysioterapi og gjekk gjennom den framlagte saken.

I tillegg til det som var omtala i saka var komiteen særleg opptekne av i kva grad dei ulike måtane å auke fysioterapikapasiteten på ville slå ut økonomisk. Samla sett vil det slå om lag likt ut økonomisk om ein aukar driftstilskota med eit eller aukar med ei kommunal stilling som kommunefysioterapeut. På kort sikt vil ein anta at ei auke av kommunal stilling vil kunne få verknad både på tilbodet ved dei private institutta og ved dei kommunale tenestene. Det vil og kunne få verknad for å starte opp eit kommunalt tilbod om kvardagsrehabilitering.

Arbeidet med prioritering i ventelistene på institutta er starta opp. Kvar fysioterapeut er sjølstendig næringsdrivande og det er såleis viktig at ein her får til ein god prosess kor alle vert med. Det ser positivt ut.

Vedtak i Komite for helse og omsorg - 16.02.2017

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

MØTET SLUTT!

